



Nedre Telemark jordskifterett

Rettsbok

Sak: 0800-2007-0022 LANGØYA landskapsvernområde

Gnr. 106 i Bamble kommune

Påbegynt: 22.06.2007

Avsluttet: 24.11.2008

JORDSKIFTERETTSMØTE

- Rettsmøtedag:** 22.06.2007
Sted: Formannskapssalen, Bamble rådhus, Langesund i Bamble
Sak nr.: 0800-2007-0022 Langøya landskapsvernområde med plante- og dyrelivsfredning
- Saken gjelder:** Krav om grensegang etter jordskifteloven § 88
- Jordskiftedommer:** Trond Magne Movik, som enedommer etter jordskifteloven § 9 annet ledd.
- Protokollfører og teknisk saksbehandler:** Avdelingsingeniør Gunnar Roe
- Saken er krevd av:** Fylkesmannen i Telemark
- Til behandling:** Fremming av saken
- Parter:**
1. Fylkesmannen i Telemark, Statens hus, 3708 SKIEN, Vernemyndighet
 2. Bamble kommune, Kirkeveien 12, 3970 LANGESUND, eier av gnr. 106/232, 106/234, 106/235
- Eiendommene ligger i Bamble kommune.
- Til stede:** Fylkesmannen i Telemark ved Sigmund Hansen
- Ikke møtt:** Bamble kommune
-

Jordskiftedommeren orienterte om hovedreglene i domstolloven §§ 106-108. På spørsmål var det ingen som kjente til forhold som tilsa at jordskiftedommeren eller den tekniske saksbehandleren var inhabil.

Partslista ble gjennomgått.

Følgende dokument ble framlagt:

1. Krav om grensegang for Langøya landskapsvernområde med plante- og dyrelivsfredning fra Fylkesmannen i Telemark, dat. 13.04.2007
 - 1.1 Forskrift om verneplan for Oslofjorden – delplan Telemark. Fredning av Langøya landskapsvernområde med plante- og dyrelivsfredning, datert 30.06.2006
 - 1.2 Kartutsnitt over området, målestokk 1:10000
 - 1.3 Verneplan for Oslofjorden – delplan Telemark, datert 30.06.2006

Dokumentene ble gjennomgått i nødvendig utstrekning.

Jordskiftedommeren orienterte kort om saksgangen.

Utskrift av rettsboka sendes til partene i vanlig brev.

På forespørsel framkom ingen merknader til forhandlingene.

Partene ble permittert.

Jordskifteretten fattet så følgende

vedtak:

Området saken gjelder er vernet i medhold av *Forskrift om Verneplan for Oslofjorden – delplan Telemark. Vern av Langøya landskapsvernområde med plante- og dyrelivsfredning i Bamble kommune i Telemark fylke. Fastatt ved kongelig resolusjon 30. juni 2006.* Saken gjelder *offentlig regulering av eigarrådvelde* slik jordskifteloven åpner for i § 88 første ledd. Saken er krevd av fylkesmannen i Telemark som har hjemmel i egenskap av *offentlig styresmakt*, jf. jordskifteloven § 88 andre ledd.


Etter jordskifterettens vurdering er vilkårene for å fremme saken til stede.

Slutning

Saken fremmes.

Saken utsettes inntil videre.

Retten hevet.
Bamble, 22.06.2007



Trond Magne Movik

JORDSKIFTERETTSMØTE

- Rettsmøtedag:** 24.11.2008
Sted: Jordskifterettens lokaler, Fylkeshuset i Skien
Sak nr.: 0800-2007-0022 LANGØYA landskapsvernområde - utsatt fra 22.06.2007.
- Saken gjelder:** Krav om grensegang etter jordskifteloven § 88
- Jordskiftedommer:** Trond Magne Movik, som enedommer etter jordskifteloven § 9 annet ledd.
- Protokollfører:** Avdelingsingeniør Gunnar Roe
- Saken er krevd av:** Fylkesmannen i Telemark
- Til behandling:** Avslutning av saken.
- Parter:**
1. Fylkesmannen i Telemark, Statens hus, 3708 SKIEN, Vernemyndighet
 2. Bamble kommune, Kirkeveien 12, 3970 LANGESUND, eier av gnr. 106/232, 106/234, 106/235
- Eiendommene ligger i Bamble kommune.
- Til stede:** Ingen av partene var kalt inn.
-

Følgende dokument ble framlagt:

2. Forkynning av utkast til rettsfastsettende vedtak, dat. 03.06.2008.

Jordskifteretten fattet så følgende rettsfastsettende

vedtak:

Saken er krevd som grensegang for *offentlig regulering av eigarrådvelde* med hjemmel i jordskifteloven § 88.

Der hvor vernegrensa faller sammen med eiendomsgrensa, er også eiendomsgrensa gått opp i saken. For disse grensene gjelder vedtaket ikke bare vernegrensa, men også eiendomsgrensa.

Utkast til vedtak vedlagt kart og grensebeskrivelse har vært sendt partene til uttalelse i samsvar med jordskifteloven § 17 a.

Slutning

Grensene for Langøya landskapsvernområde går i samsvar med grensebeskrivelsen nedenfor.

GRENSEBESKRIVELSE

Vernegrense for Langøya landskapsvernområde med plante- og dyrelivsfredning

Etterstående beskrivelse gjelder vernegrenser. Ved like gnr. og bnr. på hver side går vernegrensa gjennom samme eiendom. Det verna området, naturreservatet, ligger på venstre side i grensebeskrivelsen.

Grensene er målt inn i det europeiske koordinatsystemet Euref89, akse 32. Det er brukt Topcon sanntids GPS utstyr ved innmåling av punktene. Vernegrensen er innmålt med utgangspunkt i følgende fastmerke som basepunkt:

FASTMERKE	X- KOORD., nord	Y_ KOORD., øst	HØYDE	Merknader
TP Tangen	6539523.910	542991.475	81.080	Euref89 høyde

Alle avstander er oppgitt i horisontale mål, mens retningene forholder seg til kartnord og er oppgitt i gon, d.v.s. at kompass-sirkelen er delt inn i 400 gon eller grader.

De offentlige godkjente boltene er prefabrikkerte grensemerker i aluminium. Boltenes hode har påskriften MILJØVERNDEP. VERNEOMRÅDE på den ene siden og GRENSE på den andre. I beskrivelsen er disse boltene oppført som MD- bolt.

Grensene i marka (dvs. på land) er koordinatfestet. Øvrig vernegrense langs strand og i sjø følger slik den framkommer av framlagt dokument nr. 1.2, kart produsert av Fylkesmannen i Telemark 2004 og merket Miljøverndepartementet 2006.

Verneområdet dekker et totalareal på ca. 475 dekar. Landarealet utgjør 465 dekar og er grønnfarget på kartet. Sjøarealet er oppgitt å være ca.10 dekar og er ikke vernefarget.

Kart i målestokk 1:6500 er vedlegg til saken. Kartet har arkivnr. 082266.

Vernegrense: 1

mellom Langøya landskapsvernområde, del av gnr. 106, bnr. 232,
eier Bamble kommune
på venstre side
og gnr. 106, bnr. 232, eier Bamble kommune
på høyre side

Punkt nr.	Punkt- beskrivelse	Retn. (grader)	Lengde (meter)	X- koordinat	Y- koordinat
	Sjøkant			6540874.68	543247.01
1	MD- bolt i fjell	99.7	5.00	6540874.70	543252.01
2	MD- jordmerke	99.7	71.33	6540875.03	543323.34
3	MD- bolt i fjell	184.7	141.73	6540737.36	543357.05
4	MD- jordmerke i grense med 106/235 og 106/34	199.1	51.95	6540685.42	543357.78

Vernegrense: 2

mellom Langøya landskapsvernområde, del av gnr. 106, bnr. 232,
på venstre side
og gnr. 106, bnr. 234, eier Bamble kommune
på høyre side

Punkt nr.	Punkt- beskrivelse	Retn. (grader)	Lengde (meter)	X- koordinat	Y- koordinat
4	MD- jordmerke i grense med 106/235			6540685.42	543357.78
		199.5	82.64		
5	MD- jordmerke	315.9	25.97	6540602.79	543358.47
6	MD- bolt i fjell	315.9	7.00	6540609.19	543333.30
	Sjøkant			6540610.92	543326.52

Vernegrense: 3

mellom Langøya landskapsvernområde, del av gnr. 106, bnr. 232,
på venstre side
og gnr. 106, bnr. 232, eier Bamble kommune
på høyre side

Punkt nr.	Punkt- beskrivelse	Retn. (grader)	Lengde (meter)	X- koordinat	Y- koordinat
7	MD- bolt i stein ved sjøkanten			6539651.06	543414.06
		156.6	144.35		
8	MD- bolt i fjell	103.2	40.63	6539538.97	543505.02
9	MD- bolt i fjell	103.2	2.70	6539536.94	543545.60
	Sjøkant			6539536.81	543548.29

Øvrig vernegrense langs strand og i sjø rundt Langøya landskapsvernområde følger slik den framkommer av framlagt dokument nr. 1.2, kart produsert av Fylkesmannen i Telemark 2004 og merket Miljøverndepartementet 2006.

DIVERSE BESTEMMELSER

Sakskostnader

Påløpte kostnader skal dekkes etter bestemmelser i jordskifteloven kap. 8.

Saksgebyrer kr 9.166,00

I tillegg dekker rekvirenten sideutgifter i samsvar med jordskifteloven § 74 andre ledd.

Saken gjelder grenser for *offentlig regulering av eigarrådvelde*. Etter rettens vurdering er det derfor riktig at Staten dekker kostnadene.

Kostnadene er oppgjort.

Forkynning

Forkynning skjer etter reglene for postforkynning.

Avslutning av saken


Saken avsluttes i dette møtet. Fristen for anke er én måned regnet fra forkynningsdatoen. Reglene om anke følger forkynningen.

Tinglysing

Saken skal tinglyses på:

- Gnr/Bnr 106/232, 106/234, 106/235 i Bamble kommune

Retten hevet.
Skien, 24.11.2008



Trond Magne Movik

JORDSKIFTELOVEN

KAP. 7 RETTSMIDDEL

§61. Mot jordskifte, og mot einskilde avgjerder tatt i samband med jordskifte, kan det brukast rettsmiddel etter reglane i dette kapitlet.

Dom etter §17 og rettsfastsettande vedtak etter §17a kan ankast til lagmannsretten. Vedtak etter §87 første punktum i saker etter §6 første til fjerde ledd første punktum kan ankast til lagmannsretten når det gjeld rettsbruk og sakshandsaming. Det same gjeld for vedtak etter §62 fjerde og femte ledd i saker der jordskifteretten held skjønn etter §6 første til tredje ledd. I saker som nemnt i §6 b andre ledd første punktum, kan rettsbruken, sakshandsaminga og erstatningsutmålinga ankast til lagmannsretten. Andre avgjerder av jordskifteretten i saker som nemnt i §6 første til fjerde ledd, kan berre ankast etter tredje ledd.

Desse avgjerdene kan ankast til lagmannsretten:

- a) Avgjerd i spørsmål om avvising av andre enn materielle grunnar.
- b) Avgjerd i samband med retting av dom.
- c) Avgjerd om godtgjersle til vitne og sakkunnige m.m. som etter særleg lovregel kan ankast til høgare domstol.
- d) Avgjerd om gebyr og sideutgifter etter §74.
- e) Avgjerd i spørsmål om oppfrisking mot fristforsøming.
- f) Avgjerd om gjenopning etter §73 første ledd.
- g) Slike avgjerder i oreignings skjønn etter §6 som er nemnt i §48 første ledd i lov av 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker.
- h) Andre avgjerder om saksbehandlinga eller rettsbruken som jordskifteretten i særlege høve fastset kan ankast særskilt.

I alle andre høve er rettsmiddelet anke til jordskifteoverretten.

Lagmannsretten skal behandle anke etter andre ledd etter tvisteloven §29-16 og anke etter tredje ledd etter tvisteloven §29-15.

§62. Med dei unntak som denne paragrafen nemner, er det ikkje høve til å bruke rettsmiddel før jordskiftet er slutt.

Dom etter §17 og rettsfastsettande vedtak etter §17a kan påankast straks av granne og av nokon som verken er godkjent som eigar eller som bruksretthavar i skiftefeltet. Jordskifteretten kan ta avgjerd om at det same skal gjelde for andre som har ankerett. Slik avgjerd må takast inn i dommen eller vedtaket.

Avgjerder som nemnt i §61 tredje ledd kan ankast straks. Opplysning om dette, om frist etter §63 første ledd og at avgjerda ikkje kan ankast seinare, skal takast inn i avgjerda.

Når jordskifteretten finn det tenleg, kan vedtak om fremme av jordskifte, jf. §14 første ledd andre punktum, stillast til påanking til jordskifteoverretten straks.

Er det mykje om å gjere å kome i gang med eit tiltak før skiftet er slutt, kan jordskifteretten ta avgjerd om at vedtak om dette skal stillast til påanking til jordskifteoverretten straks.

§63. Fristen for anke er ein månad. Fristen blir rekna frå forkyninga av jordskiftet, jf. §22 andre ledd fjerde punktum, men slik at når det etter §62 er høve til å anke straks, skal fristen reknast frå den tid vedkomande part har fått avgjerda forkynt. Fristen for rettsfastsettjande vedtak som er handsama etter §17 a femte ledd, skal reknast frå vedkomande rettsmøte.

Anke skal givast inn til den jordskifteretten som har tatt den avgjerda som anken gjeld. Jordskiftedommaren skal snarast råd gjere alle interesserte parter kjende med anken.

For anke til lagmannsrett gjeld elles tvisteloven kapittel 29, så langt reglane høver.

Når avgjerd i ankesak til lagmannsrett har ført til endring i jordskiftet, skal jordskiftedommaren gi dei partane som endringa får verknad for, høve til å krevje ny frist for anke til jordskifteoverretten. Det same skal gjelde for dei partane som i anketida har fått endra eller skipa nye mellombels bruksreglar i medhald av §60. Kjem det slikt krav, skal jordskiftedommaren forkynt ny frist for anke til jordskifteoverretten for alle partane i jordskiftesaka, rekna frå denne forkyninga.

Er det eit overjordskifte som er påanka, gir eit vedtak av jordskifteoverdommaren i medhald av §60 ingen ny ankerett tilsvarande regelen i femte ledd, men vedtaket kan vurderast på nytt etter krav frå nokon vedtaket råkar, om jordskifteoverretten likevel må attende og gjere om skiftet.

§64. Slutting eller iverksetting av jordskiftet må utsettast dersom det i rett tid er anka etter §61 andre ledd første til fjerde punktum eller etter §61 fjerde ledd. Overjordskifte kan ikkje fremmast så lenge anke til lagmannsrett som nemnt i første punktum, ikkje er endeleg avgjort.

Om anke etter §61 tredje ledd skal ha oppsettjande verknad på same måten, skal avgjerast etter tvisteloven §19-13 andre og tredje ledd.

§65. Så snart råd er etter at anke til lagmannsrett er endeleg avgjort, skal jordskifteretten halde fram med eller ta opp att og gjere om skiftet i den mon det følgjer av den endelege avgjerda.

Når eit jordskifte som er slutta, blir tatt opp att, skal innkallingsfristen vere minst tre veker.

§66. Er ikkje noko anna fastsett i avgjerd som går ut på stadfesting av jordskifte, skal dei fristane som er fastsette i jordskiftet reknast frå første årdsdagen for slutting av jordskiftet etter at avgjerda er forkynt.

§67. Ved anke til jordskifteoverrett bør ankepostane gå fram av sjølve ankefråsegna. Er dette ikkje tilfelle, bør jordskiftedommaren syte for å få klarlagt kva anken gjeld før den blir gjort kjend for dei andre partane. Er ikkje ankepostane alt klarlagde, skal jordskifteoverretten, når saksførehavinga tar til, gi ankeparten pålegg om å seie greitt frå om kva for postar han ankar på.

Jordskifteoverretten skal først berre granske dei ankepostane som er framsette. Syner det seg då at anken er grunnlaus, eller berre kan føre til endring som det etter måten ikkje kan leggast nemnande vekt på, skal jordskiftet stadfestast. Syner det seg at anken må føre til endring i jordskiftet, skal retten gi partane melding om dette. Vil endringa valde tap for nokon part, kan han krevje ein frist på opptil ei veke for å sette fram krav om å få granskinga utvida så langt det trengst for å avgjere om ikkje jordskiftet på andre punkt bør endrast til fordel for han. I såfall skal jordskifteoverretten granske jordskiftet så langt han finn det nødvendig. Endring i jordskiftet som dette fører med seg, kan

gjennomførast, endå om ankeparten i det heile ikkje blir så godt faren som han var etter jordskiftet.

§68. Anke til jordskifteoverrett kan kallast tilbake når det gjeld ankepost som ikkje er avgjort. Gjeld det ankepost som er avgjort, kan anken kallast tilbake om alle som saka gjeld, samtykkjer.

Blir anken kalla tilbake før ankefristen er ute, får han ikkje noko å seie for dei reglane jordskiftet har for iverksetting og fristar. Blir anken kalla tilbake etter at ankefristen er ute, skal jordskifteoverretten endre fristane om det trengst. Er retten ikkje sett, fastset jordskifteoverdommaren dei nye fristane.

§69. For overjordskifte gjeld reglane for jordskifte så langt dei høver, men om loven krev at ei avgjerd i jordskifteretten skal vere samrøystes, trengst det likevel berre vanleg fleirtal i jordskifteoverretten til stadfesting av ei slik avgjerd. På overjordskifte kan det settast stuttare fristar enn fastsett i §59.

Den jordskiftedommaren som har styrt jordskiftet, har plikt til å møte fram til overjordskiftet etter innkalling frå jordskifteoverretten. Han skal stå til teneste med opplysningar så lenge jordskifteoverretten finn det nødvendig.

§70. Kjem det opp tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna som jordskifteretten ikkje har avgjort ved dom, og som heller ikkje er endeleg avgjort på annan måte, skal jordskifteoverretten avgjere tvisten om det trengst av omsyn til jordskiftet.

Når jordskifteretten har avvist eit krav om jordskifte av materielle grunnar, og jordskifteoverretten kjem til at saka skulle ha vore fremma, skal jordskifteoverretten ved orskurd (kjennelse) oppheve avvisinga. Jordskifteoverretten kan vise saka tilbake til jordskifteretten med pålegg om fremming. Har jordskifteretten gjort vedtak om fremming, og jordskifteoverretten i ankesak etter §62 femte ledd kjem til at saka ikkje bør fremmast eller bør fremmast på annan måte, kan jordskifteoverretten ved orskurd (kjennelse) anten avvise kravet om jordskifte eller gjere endringar i vedtaket.

Når jordskifteoverretten kjem til at det er gjort slike feil ved saksbehandlinga eller rettsbruken at eit jordskifte heilt eller delvis bør gjerast om, kan jordskifteoverretten ved orskurd (kjennelse) oppheve jordskiftet eller deler av det og vise saka tilbake til jordskifteretten til ny behandling, i staden for sjølv å gjennomføre overjordskiftet. Det same gjeld når jordskifteoverretten i særlege høve elles kjem til at oppheving og tilbakevising vil vere meir tenleg enn å gjennomføre overjordskifte. For eit slikt tilbakevist jordskifte gjeld same reglar om bruk av rettsmiddel som for jordskifte elles, jfr. §61 .

Det kan ikkje brukast rettsmiddel mot avgjerd frå jordskifteoverretten om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten. Orskurdene som har ført til vedtak om tilbakevising, får rettskraft om dei ikkje blir anka innan fristen er ute.

§71. Eit overjordskifte kan ankast til lagmannsretten til heil eller delvis oppheving på grunn av feil ved rettsbruken eller saksbehandlinga. Dommar og rettsfastsettande vedtak etter §17 a kan ankast til lagmannsretten. For andre avgjerder i jordskifteoverretten gjeld reglane i §61 tredje ledd tilsvarande.

Om fristar, frå kva tid det er høve til anke og om saksbehandlinga gjeld same reglar som for anke i samband med jordskifte.

Lagmannsretten skal behandle anke etter første ledd første og andre punktum etter tvisteloven §29-16 og anke etter første ledd tredje punktum etter tvisteloven §29-15.

§72. Anke til jordskifteoverretten som berre gjeld påståtte feil med omsyn til kart, utrekningar eller målearbeid, blir avgjort av jordskifteoverdommaren som einedommar.

Viser det seg at det er gjort feil som har hatt merkande innverknad på jordskiftet, skal jordskifteoverdommaren gi jordskifteretten pålegg om å rette feilen og gjere om skiftet i den mon rettinga gjer nødvendig.

Når jordskiftet er gjort om i samsvar med pålegg som nemnt i andre ledd, skal alle partar som endringa kan ha noko å seie for, få avgjerda forkynt. Dei har ankerett i den mon endringa har hatt noko å seie for jordskiftet.

Er jordskiftet anka til jordskifteoverretten på anna grunnlag og, og slik anke fører til at det blir halde overjordskifte, skal jordskifteoverretten sjølv gjere dei endringane som retting av tekniske feil gjer nødvendig. Kjem jordskifteoverretten sjølv over slike feil, så skal dei rettast, om dei har noko vidare å seie.

§73. Avgjerder teke av jordskifteretten eller jordskifteoverretten kan bli gjenopna etter reglane i tvisteloven kapittel 31.

Vidare kan eit jordskifte bli gjenopna dersom føresetnader som er lagde til grunn for skiftet, blir endra på ein slik måte at avgjerande tiltak i skifteplanen ikkje kan gjennomførast og det er tvillaust at vilkåret i §3 bokstav a ikkje er oppfylt for minst ein part. Det kan likevel ikkje krevjast gjenopning etter dette leddet når fristen etter §59 for gjennomføring av tiltaket er ute.

Jordskifteretten utfører dei endringar som gjenopning etter første og andre ledd fører med seg. Det skal ikkje gjerast større endringar enn det som trengst for å rette opp mishøvet. Gjeld det endringar av grenser o.l. der kostnadene ikkje vil stå i rimeleg høve til det ein oppnår, kan endringar gjerast opp heilt eller delvis i pengar, skog eller andre verdiar.

Nedre Telemark jordskifterett, saksregisteret i Admin
Sak:0800-2007-0022 LANGØYA landskapsvernområde
Partsliste sortert på partsnr.

Parter:

1. Fylkesmannen i Telemark, Statens hus, 3708 SKIEN
Merkn: Vernemyndighet
2. Bamble kommune, Kirkeveien 12, 3970 LANGESUND, eier av gnr. 106/232, 106/234,
106/235 i Bamble